

Arkivsak-dok. 17/00198-11
Saksbehandler Wencke Sissel Olsen

Saksgang
Kontrollutvalet i Klepp

Møtedato
06.06.2019

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN "TENESTETILBODET TIL FLYKTNINGBARN OG –UNGDOMAR I KLEPP KOMMUNE"

Forslag til vedtak/innstilling:

Kommunestyret i Klepp tar den framlagde forvaltningsrevisjonsrapporten til orientering.

Rapporten vert vidaresendt kommunedirektøren, som bes om å ta vidare stilling til korleis rapporten sine funn og anbefalingar skal følgast opp.

Tilbakemelding på korleis rapporten er følgt opp gis til kommunestyret via kontrollutvalet ca. 6 mnd. etter at kommunestyret fatta sitt vedtak.

Vedlegg:

Rapporten Tenestetilbodet til flyktningbarn og –ungdomar i Klepp kommune

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Klepp bestilte denne rapporten i april 2018. Føremålet med rapporten har vore å undersøkje om Klepp kommune har eit tilfredsstillande tilbod til flyktningbarn og -ungdomar, som bidrar til god integrering og oppfølging av barn og unge som er busett som flyktningar i kommunen. Vidare var det eit føremål å undersøkje om minoritetsspråklege elevar, under dette flyktningbarn og –ungdomar, får eit tilfredsstillande tilbod om særskild språkopplæring i grunnskulane i kommunen.

Med bakgrunn i føremålet vedtok kontrollutvalet å undersøke nærare desse problemstillingane:

1. Har Klepp kommune eit tilfredsstillande tilbod om tenester og oppfølging av barn og unge som er busett som flyktningar i kommunen eller som bur mellombels i kommunen?

- a) I kva grad har kommunen fastsett mål for tenestene til flyktningbarn og -ungdomar i kommunen?
- b) I kva grad er det gjort systematiske vurderingar av kva behov for tiltak og oppfølging denne gruppa med barn og unge har?
- c) I kva grad er det, mellom anna basert på ev. behovsvurderingar, etablert tiltak for å følgje opp dei behova som er avdekka, og kva tiltak er eventuelt etablert?
- d) I kva grad blir det gjennomført systematiske vurderingar av om etablerte tiltak fungerer etter føremålet?
- e) I kva grad samarbeider Klepp kommune med frivillige organisasjonar og andre relevante aktørar for å få eit best mogleg tilbod til flyktningbarn og –ungdomar i kommunen?
- f) I kva grad har flyktningstenesta i kommunen, og/eller andre relevante kommunale tenester, tilgang på tilstrekkeleg personale med kompetanse på flyktning- og integreringsfeltet, til å kunne gi flyktningbarn og -ungdomar eit godt oppfølgingstilbod?
- g) I kva grad nyttar kommunen tolkar for å kunne kommunisere med nykomne flyktningar, og sikre tilfredsstillande informasjon og medverking når det gjeld tilbodet til barn og unge?
- h) I kva grad har kommunen rutinar som sikrar at flyktningungdomar mellom 18 og 24 år eit tilbod i samsvar med krav i introduksjonslova?

2. I kva grad får minoritetsspråklege elevar i Klepp kommune tilbod om grunnskuleopplæring og tilbod om særskilt språkopplæring i samsvar med føresegn i regelverket?

- a) Sikrar kommunen at alle barn som bur i kommunen, og som er venta å vere i landet i meir enn tre månader, får tilbod om grunnskuleopplæring seinast innan ein måned?
- b) Er det etablert tilfredsstillande system for kartlegging av norskkunnskapane til minoritetsspråklege elevar?
- c) I kva grad får elevane eit tilbod om særskilt språkopplæring i samsvar med det som blir vurdert å vere eleven sitt behov?
- d) I kva grad blir det gjort ei konkret vurdering av om elevar som har behov for særskilt norskopplæring også har behov for tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring?

- e) I kva grad får nykomne minoritetsspråklege elevar eit særskilt opplæringstilbod i eigne grupper, klassar eller skolar, og blir eit slikt eventuelt tilbod nytta innanfor rammene i regelverket?
- f) I kva grad blir det fatta enkeltvedtak om særskilt språkopplæring i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?

Saksframstilling:

Revisor har ved utarbeiding av rapporten nytta aktuell dokumentasjon frå Klepp kommune. I tillegg er det gjennomført til saman 11 intervju. Fire av desse intervjuane var gruppeintervju med til saman 12 flyktningbarn og –ungdomar. Revisjonen intervjuar vidare både leiarar og andre tilsette i Klepp kommune som har ansvar for flyktningteneste, fritidstilbod og opplæringstilbod til minoritetsspråklege elevar. Rektorar ved to av skulane i kommunen blei også intervjuar. Det er også gjennomført ein stikkprøvekontroll av fire saker som gjeld vedtak om særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar.

Ut frå revisjonen si eigen oppsummering, viser rapporten at Klepp kommune dei siste åra har sett i verk tiltak for å betre oppfølginga av flyktningbarn og –ungdom, særleg ved tilsetjing av ein eigen kontaktperson for barn og unge i Flyktningtenesta. Revisjonen meiner det er positivt at Klepp kommune, i samsvar med tilrådingar frå mellom anna Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, har retta merksemd mot deltaking i fritidsaktivitetar for flyktningbarn og –ungdom. Etter revisjonen si vurdering gjer Klepp kommune eit godt arbeid når det gjeld inkludering av flyktningbarna og –ungdomane i eksisterande fritidsaktivitetar, Samtidig går det fram at kommunen har utfordringar med å finne passande fritidsaktivitetar for ungdomar mellom 16 og 24 år, og revisjonen meiner det er viktig at kommunen arbeider vidare med å prøve å finne høvelege aktivitetar også for denne aldersgruppa.

Revisjonen peiker på at manglande skriftleggjing og systematisering mellom anna av arbeidet med å kartleggje behov, setje i verk tiltak og evaluere tiltak, medfører ein risiko for manglar i oppfølginga og tilbodet til flyktningbarn og –ungdomar. Det er etter revisjonen si vurdering ein risiko for at arbeidet blir personavhengig, og at ein til dømes ikkje fangar opp systematiske manglar i tilbodet.

Det er Revisjonen si vurdering at innføringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar i grunnskulalder blir nytta innanfor dei rammer som er sett i opplæringslova. Revisjonen merkar seg også at kommunen har utført ei kartlegging av skulane sin praksis knytt til kartlegging og enkeltvedtak, og basert på dette har utarbeidd retningslinjer knytt til opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar. Det er sett i verk viktige tiltak det siste halvanna året, for å sikre at rettane til minoritetsspråklege elevar i Klepp kommune blir godt ivareteke på skulane.

Likevel viser undersøkinga manglar både når det gjeld kartlegging av norskkunnskapane til minoritetsspråklege elevar, og manglar knytt til vedtak om særskild språkopplæring. Sistnemnde gjeld både manglande vedtak om tilbod som blir gitt og manglande praksis for vedtak om opphøyr av særskild språkopplæring. I tillegg er det manglar ved innhaldet i fleire av enkeltvedtaka som inngjekk i revisjonen sin stikkprøvekontroll. Dette er ikkje tilfredsstillande, og revisjonen meiner basert på dette at Klepp kommune per i dag ikkje har eit tilfredsstillande tilbod om særskild språkopplæring til minoritetsspråklege elevar i grunnskulepliktig alder.

Det vert vist til den vedlagte rapporten for utfyllande opplysningar knytt til dei enkelte problemstillingane i kontrollutvalets bestilling, sjå innleiingsvis.

Med bakgrunn i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Klepp kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer tydelegare mål for arbeidet med flyktningbarn og –ungdom i Klepp kommune.
2. Systematiserer og skriftleggjer arbeidet med å kartleggje behova til flyktningbarn og –ungdomar, samt prosessar knytt til å setje i verk tiltak og evaluere tiltak som er sett i verk.
3. Vurderer å etablere skriftlege retningslinjer og rutinar som tydeleggjer kva vurderingar som skal gjerast når det gjeld rettar og plikter etter høvesvis opplæringslova og introduksjonslova for ungdomar mellom 16 og 24 år, og kva moglegheiter som finst når det gjeld tilbod til flyktningungdom i denne aldersgruppa.
4. Sikrar, til dømes gjennom utarbeiding av skriftlege rutinar, sjekklister, informasjonsmateriell mv, at nykomne minoritetsspråklege elevar og deira foreldre får informasjon om at innføringstilbod er frivillig, og at eleven/foreldra har rett til å velje å gå på nærskulen.
5. Sikrar at kartleggingar av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar blir gjennomført i samsvar med krav i opplæringslova og kommunale retningslinjer.
6. Sørgjer for at det blir gjort konkrete og dokumenterte vurderingar av om elevar som har behov for særskild norskopplæring også har behov for tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsopplæring.
7. Sikrar at minoritetsspråklege elevar får tilbod om særskild språkopplæring i samsvar med dei behova som kjem fram gjennom kartleggingar, og at slikt tilbod blir nedfelt i enkeltvedtak.
8. Sikrar at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova.
9. Sikrar at det blir fatta vedtak både om innvilging, avslag og opphøyr av særskilt språkopplæring.

Rapporten er og lagt føre for rådmannen til uttale. Rådmannen uttalar at rapporten er grundig og at kommunen tar rapporten til etterretning. Rådmannen vil etter at rapporten er handsama i kontrollutvalet utarbeide planar for korleis ein skal møte dei utfordringane som rapporten peiker på.

Kva som er gjennomført her vil bli tatt opp når rådmannen skal gi tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis kommunestyret sitt vedtak er følgt opp.